

Fortid
& notid
for framtid

Arkiv og kulturformidling

Fagleg årsmelding 2023



Innhald:

1.	Føremål og ansvarsområde	3
2.	Organisasjon	3
2.1	Formelle organ	3
2.2	Tilsette.....	4
3.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal	5
3.1	Arkivdepot.....	5
3.2	Eldre og avslutta papirarkiv.....	5
3.3	Magasin	8
3.4	Arkivdanning, sak- /arkivsystem og førespurnader	9
3.5	Digitalt skapt arkivmateriale	11
3.6	Prosjektfinansiert arbeid med kommunalt arkiv i 2023.....	12
3.7	Synfaringar	14
4.	Fylkeskommunale tenester.....	14
4.1	Privatarkivarbeid	14
4.2	Kulturnett / Koordinering av FK tenester.....	16
4.3	FylkesFOTOarkivet.....	16
4.4	Fylkessenter for digitisering av kulturarven (SEDAK).....	22
5.	Personvernombod	29
5.1	Oppdragsgivarar	29
5.2	Personvernombod/personvernrådgivarar	29
5.3	Generelt	29
5.4	Strukturelle og organisatoriske endringar	29
5.5	Om personvern som leiaransvar	30
5.6	Om handlingsplan 2023	31
5.7	Kompetanseheving.....	33
6.	konferansar og anna	35
6.1	Kontaktkonferansen 2022.....	35
6.2	Deltaking på kurs/konferansar	35
6.3	Samarbeid	35
6.4	Arkheion / AKSESS.....	35
6.5	Nettside og sosiale medium	35

1. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet hadde i 2023 tilsamen 28 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemne eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med medlemne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemne, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemne. Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemmen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemne, eller medlemne vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført. Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

2. ORGANISASJON

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tek ut forteneste av desse.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem. I tillegg har selskapet leigde lokale mellombels i Parkgata og på Sjøholt.

Verneombod

Torbjørn Aasen vart i 2023 vald til verneombod med Åsta Vadset som vara.

2.1 Formelle organ

2.1.1 Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Ottar Brage Guttelvik (leiar)	Marta Beinset
Eirik Jenssen (nestleiar)	Arild Inge Kjersem
Kariann Bigset	Anne Berit Løset
Marianne Rotvær	Elisabeth Sande Mathisen
Synnøve Hunnes	Eldar Øye

Styret hadde 7 møte i 2023 og behandla 59 saker. 2 styremøte vart arrangert fysisk og 5 digitalt.

2.1.2 Representantskapsmøte

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Der vart i 2023 gjennomført 2 representantskapsmøter. Representantskapsmøtet vart i 2023 halde digitalt med møteleiinga samla hos IKAMR i Ålesund.

- Representantskapsmøtet 1 vart gjennomført 25.04.2023 med 19 av eigarane var representert, som utgjorde 81,78 % av eigardelane.
- Representantskapsmøtet 2 vart gjennomført 09.11.2023 med 21 av eigarane var representert, som utgjorde 85,11 % av eigardelane.
-

Kjell Danielsen er leiar av representantskapet og Knut Sjørmøling til nestleiar. Ottar Brage Guttelvik vart vald til styreleiar for selskapet og Eirik Jenssen som nestleiar. Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

2.2 Tilsette

Selskapet hadde i 2023, 26 fast tilsette i tilsammen 24 årsverk. Vi hadde to mellombelsstilling tilsvarende et årsverk i 2023. Vi hadde to tilkallvikarar og en innleid konsulent gjennom arbeidsmarkedstiltak.

Fylkesfoto har i tillegg en gruppe av frivillige som bidrar med digitisering av fotoskatten til Møre og Romsdal.

2.2.1 Lærling

Lærlingen gjennomførte fagprøve i juni måned og har siden hatt en mellombels stilling innen digitisering.

2.2.2 Sjukefråvær

Sjukefråværet var i 2023 på 5,5 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 2,5 prosent er korttidsfravær og 3 prosent er langtidsfravær.

2.2.3 Likestilling

Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

3. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL

3.1 Arkivdepot

3.1.1 Sikre arkiv for framtida

Prosjektet *Sikre arkiv for framtida* vart sett i gang i januar 2022 med det formålet å beskrive dagens magasinforhold og kartlegge behovet for magasinplass, både i den nærmaste og den uoverskodelige framtida. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å samle inn informasjon om omfanget av uteståande arkiv hos eigarane våre for å kunne vite kor mykje arkiv IKAMR kan forvente å ta imot dei neste tiåra. I februar og mars 2022 gjennomførte IKAMR kartlegginga saman med alle eigarane våre. Det vart talt opp over 17000 hyllemeter med bevaringsverdig arkiv som IKAMR må vere i stand til å kunne ta imot i framtida.

Den kortsiktige konklusjonen i prosjektrapporten som vart presentert til representantskapet i april 2022 peikar på at dagens magasin var 80% fullt utnytta ved utgangen av mars månad. Det vart rekna med at mellom 4000 og 5000 hyllemeter arkiv ville kunne bli avlevert i løpet av dei neste fire åra fram mot 2025. Hovudsakeleg omfattar dette avtalte ordningsprosjekt. Med underkant av 3000 ledige hyllemeter i magasinane måtte IKAMR finne ei mellombels løysing for å unngå inntaksstopp, som vart prosjektert å elles måtte kome i løpet av 2023.

Sommaren 2022 jobba arbeidsgruppa med å finne ei gunstig mellombels løysing. Ulike alternativ vart presentert og diskutert, bl.a. å sende arkivmateriale til mellombels oppbevaring i arkivdepot utanfor fylket. Det vart til slutt bestemt å pakke ned eit utval arkivseriar med minimalt innsynsbehov på pallar, og utplassere i eit lagerlokale i Møre og Romsdal, helst innanfor IKAMR si fysiske rekkevidde. Hausten 2022 søkte vi etter lagerlokale som kunne tilfredsstille dei krava som gjeld for informasjonssikkerheit og vern mot katastrofale truslar, og ulike alternativ vart drøfta. På styremøte 9. desember vedtok styret å inngå avtale om leige av eit lagerlokale i Sjøholt i Ålesund kommune, der IKAMR i 2023 skal utplassere over 2000 hyllemeter arkiv for mellombels lagring inntil nye magasin er på plass.

3.2 Eldre og avslutta papirarkiv

Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Kommunale arkiv er viktige historiske kjelder, og har stor verdi for både forvaltninga, samfunnet og det einiskilde individ. Arkivlova med forskrifter seier at kommunal forvaltning skal ha ei depotordning for eldre og avslutta arkiv. Sentrale oppgåver knytt til eit papirdepot er mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. For å sikre optimal utnytting av magasinane, har det dei siste åra vore nødvendig å legge inn ressursar for å flytte og komprimere store mengder arkiv. Vi har vidare arbeidd mykje med bestandsregistrering, rutinebeskrivingar og å få til gode arbeidsprosessar i høve mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. Dette arbeidet har dei siste åra gitt resultat.

3.2.1 Avleveringslister

Arkiv som er skapt etter 1964 må vere ferdig ordna og listeført i kommunen før dei blir avleverte. Ein stor del av vårt arbeid inneber å lette og rettleie i ordninga og utfyllinga av avleveringslister i kommunane. Eigarane kan òg velje å inngå avtale med IKAMR om å avlevere arkivmateriale i uordna tilstand for å bli ordna og registrert av IKAMR mot betaling. Dei siste åra har det vore ei aukande innsats i retning av ekstra-finansierte ordningsprosjekt.

Denne trenden med økt satsing på ordningsprosjekt overfor deponering av ferdig og ordna arkiv frå kommunen har vore synleg i antall avleverte hyllemeter dei siste åra. I 2022 blei det avlevert vesentleg mindre arkiv via avleveringslister enn tidlegare år, og i 2023 var antall hyllemeter avlevert via avleveringslister like mykje, 87 hyllemeter. Tross kapasitetsutfordringar i magasinane som har vore i fokus i 2023 har vi tatt imot alle arkiv som har vore forespurt om å avlevere frå våre eigarar via avleveringslister.

Avleveringsrutinane har vore godt dokumenterte på vår nettside og i Hjelpeheftet for ordning og avlevering av offentlege arkiv. IKAMR har bistått med registrering og rettleiing i ordninga, og reist på befaring ved ønske frå kommunar som held på med ordning. Det er framleis enkelte kommunar som held på med ordning og avlevering av store mengder arkiv, som tidlegare år. Utanom det er arbeid med avleveringslister ofte knytt til ytre einingar som ryddar i ulike kommunar som avleverer enkelte seriar om gongen. Det har naturlegvis vore mindre aktivitet med avleveringslister frå kommunar som har inngått avtale med IKAMR om større ordningsprosjekt. I 2023 har det ikkje vore innført nokre nye rutinar for rettleiing i ordning av arkiv i kommunane, unntatt mindre oppdateringar av Hjelpeheftet som stort sett vart revidert og omskrive i 2022.

3.2.2 Mottak av arkiv

IKAMR tok imot arkiv 51 gongar i 2023 fordelt på 40 ulike deponentar. Det er ein nedgang på 5 frå året før. Totalt vart det deponert 546,75 hyllemeter papirarkiv i 2023. Dette er ein stor nedgang frå tidlegare år. Årsaken er plassmangel i depot. I 2023 har vi derfor brukt store ressursar på å pakke om lag 2000 meter med arkiv på pallar for å kunne flytte de til eksternt depot. Dette for å frigjere plass i magasinene. Etter flyttinga har vi brukt tid på komprimering av arkiv og arbeidd mykje med internlogistikk for å betre kapasiteten i magasinane.

2019		2020	2021	2022	2023
1317		836,47	1609,78	1154,63	546,75

Av dei 546.75 meter med arkiv vi har motteke er 85,85 meter privatarkiv. 13 kommunar har levert 459,5 meter med arkivmateriale. Heile 28 ulike private deponentar har levert arkiv til IKA Møre og Romsdal i 2023.

Det meste av de kommunale deponeringane er deponert som ordningsprosjekt. Ein kan sjå at kommunane ordnar små mengdar arkiv sjølv, medan vi har hatt ei auke ideponerte arkiv som er eldre enn 1965. Sjå tabell nedanfor for fleire detaljar

Hyllemeter avlevert 2021-2023

	2023	2022	2021	2020
Eldre arkiv	25	1,2	22,8	23
Avleveringslister	87,6	87,6	548,77	283,59
Ordningsprosjekt	313,5	782,2	835,19	303
Digitiseringsprosjekt	40,7	37,6	110,1	100,98
Privatarkiv	79,25	245,64	55,87	123,5
Totalt	546,05	1154,24	1572,73	834,07

Den største deponenten i året som gjekk var Molde kommune. Dei har deponert 223,5 hyllemeter. Nordmørsmusea er den største private aktøren som har levert arkiv. Dei har levert 42 meter til ordning, registrering og tilgjengeliggjoring. Dette arkivet skal returnerast til Nordmørsmusea etter ordning, ompakking og registrering i Asta.

Nedanfor er ei oversikt over kor mange hyllemeter kvar einskild deponent har deponert. Ein kan sjå at med unntak av deponeringa frå Nordmørsmusea er deponeringar av privatarkiv små.

Deponent	Hyllemeter	Samfunnsektor
Ålesund kommune	25	Kommune
Eystein Hjelme	0,06	Privat
Harald Eidset	0,87	Privat
Møre og Romsdal Senterparti	2,1	Privat
Hareid kommune	0,5	Privat

Sunnmørsposten	0,52	Privat
Aukra kommune	2,8	Kommune
Sykkylven kommune	12	Kommune
Norske Kvinners Sanitetsforening Møre og Romsdal	0,55	Privat
Høgskulen i Volda	0,05	Privat
Haram kulturhistorielag	0,25	Privat
Volda kommune	25	Kommune
Giske kommune	5,9	Kommune
Sunnmøre museum	3	Privat
Vestnes kommune	4	Kommune
Ulstein kommune	40	Kommune
Sandøy helselag	0,05	Privat
Herøy kommune	6,6	Privat
Nasjonalforeningen for Folkehelsen, Møre og Romsdal fylkeslag	1,87	Privat
Tine Meieriet Ålesund	8	Privat
Runde Kvinne- og familielag	0,46	Privat
Møre og Romsdal Fiskarlag	3,57	Privat
Kristiansund kommune	24	Kommune
Ålesund senior	0,3	Privat
Volda kommune	0,4	Privat
Rolf Giskeødegård	0,1	Privat
Ørsta kommune	0,1	Privat
Næringsforeningen Ålesundregionen	2,4	Privat
Knut A. Larsen A/S	0,1	Privat
Sunnmøre og Romsdal Fiskarlag	3,7	Privat
Nordmørsmusea	42	Privat
Sykkylven kommune	1,4	Kommune
Molde kommune	223,5	Kommune
Sula kommune	7,3	Kommune
Åsta Vadset	0,05	Privat
AUF i Møre og Romsdal	0,2	Privat
Valderøy Fiskarlag	0,05	Privat
Smøla kommune	90	Kommunalt
Møre og Romsdal Arbeiderparti	6	Privat
Norges videoamatører avd. Ålesund	2	Privat
Hyllemeter totalt	546,75	

3.2.3 Bestand

Dei siste fem åra har dei tilsette ved IKAMR arbeidd med å komprimere arkivbestanden for å få plass til meir arkivmateriale og kunne utnytte plassen vi har betre. Som nemnt ovanfor har vi i tillegg brukt store ressursar på å pakke og flytte arkiv frå magasinane våre til eksternt depot.

I fjor har Asta registrert at vi ordna, registrerte og kvalitetsjekka IKAMR 268 meter med arkiv. Dette er misvisande tall. Det har blitt ordna meir arkiv enn det som talla frå Asta fortel. Manglande utfylling av metadata gjer at talla frå i fjor ikkje er korrekt. Ein må arbeide meir med mangfoldiggjering av rutinar og oppfølging av dei for å sikre betre statistikk og gjenfinning i 2024.

År	2019	2020	2021	2022	2023
Hyllemeter ordna	622	1125	1164	689	268

3.2.4 Asta-registrering og tilgjengeleggjering på Arkivportalen

Primæroppgåva for IKAMR er å gjere tilgjengeleg og finne att etterspurd dokumentasjon. Å registrere arkiv i arkivkatalogen Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Ein god arkivkatalog med nøyaktig arkivbeskriving, bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om vi finn att dokumentasjon som blir etterspurd. I 2022 har det blitt registrert 499 arkiv, 1649 seriar, 7629 arkivstykke og 38053 mapper i Asta.

Tabell- Registreringa av arkiv i Asta og tilgjengeliggjering på Arkivportalen

	2019	2020	2021	2022	2023	Tilvekst
Registrerte arkiv	3408	3977	4767	5166	5665	499
Registrerte seriar	10 874	12 455	15 470	17 838	19 487	1649
Registrerte stykker	62 677	71 967	81 367	87 590	95 219	7629
Registrerte mapper	250 507	354 276	409 947	460 202	498 255	38 053
Publiserte arkiv	797	1552	2946	2688	3414	974
Publiserte serier	2476	3686	12768	8881	9771	2637

Tala gir ikkje eit korrekt bilde. For det første blir ikkje personregister registrert på mappenivå i Asta, men i egne søkbare Excel-skjema. Desse registreringane på mappenivå er såleis ikkje medregna i statistikken. Vidare har vi sletta einskilte arkiv og fått dei ordna og registrerte på nytt.

Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved slutføring publisert på Arkivportalen etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering. I 2022 og 2023 har vi trekt mange arkiv og arkivseriar frå Arkivportalen for å kunne fylle ut manglande metadata og utvide katalogane. Dette gjer at statistikkane ser dårlegare ut enn den eigentlege situasjonen tilseier. Tala frå Arkivportalen er såleis misvisande. Det er fleire publiseringar enn statistikken gir uttrykk for. Vi har publisert totalt 3414 av de 5665 arkiva som er registrert i Asta på Arkivportalen.

3.3 Magasin

Alle arkiv som kjem inn blir registrert og gjort tilgjengeleg på Arkivportalen, men vi slit med etterslep frå tidlegare. Å ha oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarar er avgjerande for å finne den dokumentasjonen som blir etterspurd på ein effektiv måte.

Sidan 2018 har vi kontinuerleg jobba med tiltak i magasina for å forbetre logistikk, ordning og oversikt over dei eldre arkivbestandane våre (*Depotreformen*). Desse tiltaka er òg retta mot å spare plass og komprimere bestandane for å utnytte magasinplassen betre. På grunn av stort fokus på *Sikre arkiv for framtida*-prosjektet i 2023 har vi ikkje hatt kapasitet til å prioritere arbeidet med eldre bestandar dette året.

Som ein del av *Sikre arkiv for framtida*-prosjektet vart det tidleg i 2023 bestemt å finne ein mellombels løysing for kapasitetsutfordringane i magasina til IKAMR. Prosjektrapportane frå 2022 indikerte at magasina ville bli fulle i midten av 2023 om det ikkje vart gjennomført tiltak. I sommar utplasserte vi i underkant av 2000 hyllemeter på over 180 paller til ein ekstern lagerlokale på Sjøholt. Dette omfatta morsarkiv og digitiserte arkiv med låg innsynsbehov. Den frigjorte plassen i magasina vil bli brukt til å oppretthalde normal drift, ta imot alle arkiv som eigarane ønskjer å deponere via avleveringslister, og halde fram med å ta imot arkiv til avtalte ordningsprosjekt.

I 2019 starta vi systematisk kartlegging av skadedyr i alle magasina våre. Desse kartleggingane viste at det måtte gjerast tiltak for å avgrense førekomsten av skjeggkre og andre skadedyr. Derfor inngjekk vi ein avtale med Rentokil. Dei kartlegg bestandane årleg og legg ut åte for å halde skadedyrbestanden nede. I 2023 tok vi

opp igjen monitorering og registrering av klimamålingar i alle magasina. Alle magasina har no klimamålarar som viser luftfuktigheit og temperaturmålingar i sanntid, i tillegg til loggarar som registrerer langtidsmålingar som blir gjort kvar halvår. I 2023 vart det òg installert avfuktar i eitt av våre magasina som tiltak mot for høg luftfuktigheit.

3.4 Arkivdanning, sak- /arkivsystem og førespurnader

3.4.1 Arkivdanning (bevaring og kassasjon / arkivplan)

Manglande fokus på arkivdanning i fleire år ved IKAMR har ikkje vore gunstig. I handlingsprogrammet for 2023 vart det derfor ytra eit ønske om å auke IKAMR si kompetanse på arkivdanning. Dette har vore gjort ved å delta i KAI Fagforum for arkivdanning, i tillegg til at ein rådgivar starta på etterutdanning innan dokumentasjonsforvaltning hausten 2023. I løpet av hausten vart det etter instruks frå styret tilsett rådgivarar med kompetanse innan arkivdanning/dokumentasjonsforvaltning for å styrke området.

3.4.2 Acos WebSak / SvarUt / folkeregistersøk

Med oppgraderinga til WebSak 7 i 2021 fekk vi ei separat, sikker sone for registrering av saker med personsensitiv informasjon.

I overgangen september/oktober 2022 fekk vi tilgang til å sende ut via SvarUt. Den kan nyttast til å sende digital kopi av mapper med sensitive personopplysningar på ein sikker måte. Dette har forenkla jobben ein god del for oss. Tidlegare har vi vore avhengig av å sende papirkopi av mappene med rekommandert post. Det har kosta både tid og pengar. Mappene har vore kopiert på ei vanleg kopimaskin, som vi i starten også måtte bruke til å digitisere mapper for sending via SvarUt. I slutten av oktober 2022 tok vi initiativ til å teste ut å digitisere mappene ved å låne ein ledig stasjon hos digitiseringsavdelinga. Dette vart opptakta til at vi tidleg vår 2023 fekk på plass vår eigen digitiseringsstasjon kopla direkte til sikker sone. Jobben med å kopiere/digitisere mapper for utsending må framleis gjerast, men det er langt meir praktisk, effektivt og brukarvenleg. Trygg lagring av digitale kopiar på sak i sikker sone gjer at vi slepp å digitisere på nytt den dagen det skulle vere behov for å sende ut mappene på nytt. Dette skjer no og då.

Vi har no og då hatt utfordring med at versjonen av WebSak vi oppdaterte til i 2021 er ein eldre versjon, med feilmeldingar og uklare årsaker til problem. I tillegg er systemleverandør lite imøtekomande på å fikse problem (vi får tilbod om å oppgradere til ny versjon). Men bruken av SvarUt – som for det meste er rimeleg stabil i versjonen – er så verdifull at vi per i dag kan tole å stå i det.

Tilgang til søk i folkeregisteret for to av rådgivarane har gitt god hjelp i saker som gjeld personopplysningar.

3.4.3 Førespurnader

Til saman er det registrert knappe 3000 journalpostar i WebSak i 2023, litt over 1400 av desse er inngåande. Det inkluderer saker som gjeld IKAMR som organ generelt og som depot (med tenester) for eigarane.

IKAMR tek imot førespurnader både direkte frå privatpersonar og frå kommunane, men mest frå kommunane. Det kan vere arkivfaglege spørsmål, men aller mest gjeld det innsyn i deponert arkivmateriale.

For å ha betre oversikt, har vi delt kommunikasjonen med eigarane våre inn i kategoriar/sakstypar. Vi deler opp innsynsførespurnader i to kategoriar: Innsyn historisk (IH) og innsyn sensitive personopplysningar (IP). I tillegg kjem det arkivfaglege/administrative spørsmål (AA) og spørsmål om avleveringslister (AL).

Frå 2022 har mengde IP-saker gått litt ned medan IH-saker har gått opp. Det er færre førespurnader om avleveringslister, det heng nok saman med at fleire arkiv kjem til IKAMR som ein del av ordningsprosjekt.

Kommune	AA	AL	IH	IP	Sum
AUK	0	1	0	0	1
AUR	6	0	8	4	18
AVE	0	0	2	4	6
FJO	0	0	18	4	22
GIS	0	0	3	7	10
GJE	1	0	1	0	2
HARE	1	0	7	2	10
HER	2	10	10	12	34
HUS	3	1	4	16	24
KRI	2	5	8	31	46
MOL	6	0	16	24	46
FYL	9	0	10	78	97
RAU	2	0	7	4	13
RIN	1	1	2	0	4
SANDE	1	7	4	9	21
SMØ	1	0	4	0	5
STR	0	0	10	5	15
SUL	3	12	1	5	21
SUN	1	0	5	8	14
SUR	1	0	9	6	16
SYK	2	1	10	9	22
TIN	2	0	7	2	11
ULS	3	0	3	17	23
VAN	0	4	0	0	4
VES	1	0	10	6	17
VOL	2	41	5	0	48
ØRST	1	35	2	3	41
ÅLE	5	20	58	36	119
Saker	56	138	224	292	710

Oversikta tel ikkje med førespurnader til SEDAK, Kulturnett, FylkesFOTOarkivet og Personvernombod.

3.4.4 Lesesal

Lesesalen har blitt besøkt 47 gongar i 2023, noko som er ein oppgang frå åra før.

	2020	2021	2022	2023
Antall besøk	28	46	40	47
Antall arkivstykker nytta	207	315	298	175

3.4.5 Innsyn i rettsdokumentasjon

Ved utgangen av 2023 hadde IKAMR om lag 3701 hyllemeter rettsdokumentasjon i depotet. 49,9 av desse kom inn i 2023. Vi har dei siste åra tatt imot mindre mengder arkiv generelt, noko som også synar att i avleveringane av rettsdokumentasjon.

Hyllemeter deponert av rettsdokumentasjon tabell

2020	2021	2022	2023
60	467	243	49,9

Ei oversikt over mengda førespurnader viser ein liten nedgang i 2023 frå året før.

År	Mengde førespurnader	År	Mengde førespurnader
2016	200	2020	192
2017	243	2021	251
2018	266	2022	328
2019	238	2023	292

Tala seier ikkje noko om arbeidsmengde per førespurnad. Arbeidsmengda knytt til førespurnadene varierer frå enkel mappekopiering til innsyn som krev leiting i mange arkiv og seriar. For betre effektivitet i sistnemnde er vi avhengige av god kommunikasjon med kommunen, og tilstrekkeleg informasjon om innsynskrevjaren. Her er tilgangen til søk i folkeregisteret til god hjelp. Dei siste åra har det vore ein auke i krevjande innsynssaker, der personar gjerne ønsker å vite alt om seg sjølv. Dette fører til at saksbehandlinga vert utfordrande og behandlingstida lenger.

3.5 Digitalt skapt arkivmateriale

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og hos Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handtering av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Prosessar og rutinar og produksjonslinja for bevaring av elektroniske arkiv:

- IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
 - IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
- I) Mottak av Innleveringspakke SIP, deponering frå kommune/fylkeskommune
II) Lage Arkivpakke AIP av innlevert/deponert Innleveringspakke SIP
III) Last opp Arkivpakke AIP i KDRS sitt depotforvaltningssystem i Trondheim
IV) Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke SIP/Arkivpakke AIP

Resultat i 2023 for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale for alle 27 kommunar samt fylkeskommunen:

- Deponert (innlevert) 27 system på 3 TB (13 fagsystem og 14 Noark 5-uttrekk)
- Totalt deponert (innlevert) 424 system på 9 TB (319 fagsystem og 105 Noark 5-uttrekk)
- Godkjent 26 system (17 fagsystem og 9 Noark 5-uttrekk)
- Totalt godkjent 188 system (102 fagsystem og 86 Noark 5-uttrekk)
- Klargjort 30 system på 3 TB (14 SIARD fagsystem og 16 Noark 5-uttrekk) på i IKAMR for opplasting til depotforvaltningssystem. Opplasting utsett til 1. kvartal 2024 på grunn av behov for prekvalifisering og kvalitetsikring av stort antall og GB deponerte (innleverte) uttrekk.
- Totalt bevart 26 system på 351 GB (4 fagsystem og 22 Noark 5-uttrekk) opplasta til IKAMR depotforvaltningssystem
- Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT-regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- KDRS Produksjonslinje – Bevaring og formidling av elektroniske arkiv
- KDRS Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem med bruk av Documaster Decom og malsett for arkivsystem

- KDRS Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje

IKAMR bruker systemet KDRS Søk & Vis for oppslag og innsyn i deponerte systemer frå kommunane og fylkeskommunen (tidligere navn KDRS Innsyn):

- Internt for innsyn i deponerte system der arkivskaper ikkje har behov for historisk database/innsyn
- Levert som teneste til kommunene/fylkeskommunen
- Bruk av KDRS Søk & Vis krev en mal for det deponerte systemet (finnes delt nasjonalt eller må bli laga)
- Møre og Romsdal fylkeskommune bruker skolesystemet extens i KDRS Søk & Vis

3.6 Prosjektfinansierte arbeid med kommunalt arkiv i 2023

I samsvar med Selskapsavtalen §2 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgivar.

- Digitiseringsmedarbeidarane har gjennomført kurs i PixEdit Desktop.
- Deltakelse i konferanse “Archiving 2023” i Oslo.

I 2023 har IKAMR vore involvert i følgende prosjekt:

Nr.	For kven og kva	Status
2002	Sandøy – ordning av arkiv	Påbegynt
1001	Møre og Romsdal fylkeskommune - digitisering av arkivdel 652/652 T07	Påbegynt
1002	Rauma – digitisering	Ferdig
1005	Norddal – elverk	Påbegynt
1006	Sunndal – ordning av arkivmateriale	Ferdig
1007	Kristiansund – ordning skulearkiv	Ferdig
1010	Ørsta – pasientarkiv	Motteke
1011	Utviklingsmidlar, Idrettsarkiv	Påbegynt
1012	Tafjord Kraft	Påbegynt
1013	Molde – ordning	Påbegynt
1014	SUROFI – ordning	Ferdig
1015	Lærling	Ferdig
1016	Stranda - digitisering	Påbegynt
1018	Utviklingsmidlar, Santiteten	Påbegynt
1019	Utviklingsmidlar, Bevaringsplan	
1020	Raumaarkivet	Påbegynt
1021	Kristiansund - barnevern	Ferdig
1022	Surnadal	Påbegynt
1023	Ulstein – ordning sentrale organ	Ferdig
1024	Ålesund - digitisering	Påbegynt
1025	Ørsta VGS	Ferdig
1026	Ulstein - digitisering	Påbegynt
1028	Fjordarkivet	Motatt
1029	Høgskulen i Volda	Påbegynt
1032	Smølaarkivet	Påbegynt

1033	Kvalitetssikring 2022	Under arbeid
1034	Tingvoll ullvarefabrikk	Påbegynt
1035	Herøy, Ulstein, Hareid Landbrukskontor – digitisering	Ferdig
1048	Aukraarkivet	Påbegynt
1058	Aure	Signert
1063	Møre og Romsdal fylke – ordning	Signert
1064	Ulstein	Signert

I 2023 vart det signert nye avtalar om ordning og digitiseringsoppdrag med:

- Sykkylven kommune – digitisering
- Utvida digitiseringsavtale med Ålesund kommune
- Aure kommune – ordning
- Møre og Romsdal fylkeskommune – ordning
- Ulstein kommune - ordning

Det vart avslutta prosjekt for desse i 2023:

- Herøy, Ulstein, Hareid Landbrukskontor – digitisering
- Rauma kommune – digitisering
- Sunndal kommune – ordning
- Kristiansund kommune skole/kultur – ordning
- Kristiansund barnevern – ordning
- Ørsta vidaregåande skule – ordning

Ved utgangen av året 2023 var det fire faste heiltidsstillingar, to graderte stillingar og ei tilkallingsstilling ved dei kommunale ordningsprosjekta hos IKAMR. I løpet av 2023 har vi lagt vekt på å forenkle prosjektporteføljen ved å redusere antall pågåande prosjekt. Vi har prioritert å avslutte mindre prosjekt som har vore forseinka, og auka fokus på større prosjekt som er planlagt å bli ferdigstilte neste år.



Frå nedpakking i Smøla kommune i desember 2023. I denne siste avleveringa på prosjektet 1032 Smøla vart ned pakka ned arkiv frå skule- kultur, helse- og sosialektor. Ordningsprosjektet som vart starta opp i 2022 omfattar over 200 hyllemeter og skal ferdigstillast i 2024. F.v: Egil Woldseth Hessen, Emil Stokkevåg. Foto: Andri Jonsson / IKAMR

3.7 Synfaringar

IKAMR har vore på ei eller fleire synfaringar/kommunebesøk hos følgande i 2023:

- Ålesund kommune (synfaring og nedpakking)
- Sykkylven kommune (synfaring)
- Rauma kommune (kartlegging og prisestimering)
- Ulstein kommune (prisestimering)
- Kristiansund kommune (prisestimering)
- Sula kommune (prisestimering – digitisering)
- Smøla kommune (nedpakking)

4. FYLKESKOMMUNALE TENESTER

Tre fylkeskommunale oppgåver/tenester er plassert til IKAMR. Desse tenestene dekker eit spekter av viktige regionale oppgåver for bevaring, tilrettelegging og tilgjengeliggjering av kulturrelatert materiale frå Møre og Romsdal. Tjenestene og deres leveranse er med på å oppfylle planverket til Møre og Romsdal fylkeskommune. De fylkeskommunale tenester har vært medarrangør for ABM-konferansen i Møre og Romsdal fylke som Seksjon ABM har hovudansvaret for. I siste kvartal av 2023 startet en evalueringsprosess av FK-tjenester. Evalueringen er i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune og arbeidet held fram i 2024 og skal ende i en rapport som skal legges fram til politisk behandling. En halv stilling går til koordinering og oppfølging av FK-tenester.

4.1 Privatarkivarbeid

IKAMR er fylkeskoordinerende institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. 20 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er med i privatarkivordninga. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdig arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemdar mot ein kontingent per innbyggjar (2023).

Følgande er utført i privatarkivarbeidet:

- Rolla som fylkeskoordinerende ledd: samhandlingsplanen for privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal (utabeidd i 2020), der regionmusea er samarbeidspartnarar, vert nytta i privatarkivarbeidet i fylket. I 2023 har IKAMR, saman med regionmusea og Nynorsk Kultursentrum, ferdigstilt arbeidet med bevaringsplan for private arkiv i Møre og Romsdal. Tilsaman 4 møter.
- Møter i det nasjonale privatarkivnettverket leia frå Riksarkivet.
- Rekruttering av nye deltakarar i privatarkivordninga: 20 er no medlemmar
- Rettleiing i depot – og registreringsarbeid, inkludert hospitering ved IKAMR, av arkivar ved Viti.
- Rettleiing Nordmørsmusea (og venneforeninga Næringshistorie Nordmøre) angående arkiva etter Hans Hyldbakk og Storvik mekaniske verksted.
- Synfaring av privatarkivsamlinga ved Ørsta kommune.
- Synfaring på Nordøyane, saman med Historisk institutt ved Høgskulen i Volda, i regi av Haram Kulturhistoriske lag.
- Synfaring og arkivfagleg rettleiing IL Norodd, Kristiansund.
- Synfaring arkivbestand Møbelmuseet i Sykkylven (Viti).
- Møte med Jugendstilsenteret (Viti) angående ny registrering av Furst-arkivet.
- Møte med Symfoniorkesteret ved HiVolda angående deponering av deira arkiv.
- Synfaring og deponering av arkiv ved Tine meieriet Ålesund (nedlagde lokale meieri), Sør-Norges Fiskarlag nedlagde lokale fiskarlag) og Næringsforeningen Ålesund og Omegn (tidlegare Ålesund Handelsforening).

- Identifisering, ompakking, registrering og publisering til Arkivportalen av privatarkivbestanden ved IKAMR vart ferdigstilt i 2023. Totalt 1152 private arkiv pr 31.12.2023. Privatarkiva utgjør tilsammen 800 hyllemeter.

4.1.1 Prosjekt med støtte frå Arkivverket:

- I 2021 fekk IKAMR tildelt kr 400.000 i arkivutviklingsmidlar til innsamling, ordning, registrering og digitisering av arkiva etter Tingvoll ullvarefabrikk og Tingvoll tekstilarbeiderforening. Ordningsarbeid og listeføring var vart avslutta i 2022. Listene ligg på Arkivportalen. I 2023 vart også digitisering av utvalde arkivstykker gjort. Desse er også publiserte til Digitalarkivet. Prosjektet er dermed ferdigstilt.
- I 2020 fekk IKAMR kr 200.000 til revidering av bevaringsplan for private arkiv, eit arbeid som vart fullført i 2023 i samarbeid med dei andre større privatarkivaktørane i fylket: regionmusea, Nynorsk Kultursentrum, historielaga og kommunane. Prosjektet er ferdigstilt.
- I 2020 fekk IKAMR tildelt 322.000 frå Arkivverket til ordning, registrering og digitisering av arkiva etter sanitetsforeningane i Møre og Romsdal. Ordning og listeføring vart avslutta i 2022. Arkivlistene ligg på Arkivportalen. I 2023 vart også digitisering av møtebøker og årsmeldingar ferdigstilt, og publiserte til Digitalarkivet. Prosjektet er dermed ferdigstilt.
- I 2022 fekk IKAMR og Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda kr 160 000,- til første året i eit to-årig prosjekt med tittelen "Arkivet i demokratiets teneste; kvalifiserte kunnskapsprodusentar i høgare utdanning". I 2023 vart vi tildelte 350 000 til andre året i dette samarbeidsprosjektet.
- I 2018 løyvde Arkivverket også kr 350.000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart starta opp i 2020, men er sett på vent til 2024 grunna situasjonen idrettslaga har kome i under koronapandemien.
- I 2022 fekk Nordmørsmusea arkivutviklingsmidlar til ordning av arkivet etter Storvik mekaniske verksted. IKAMR har utført ordningsarbeid for 100 000 av desse midlane på oppdrag frå Nordmørsmusea i 2023.

4.1.2 Formidling

- I 2023 samarbeidde IKAMR med Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda, om kjeldestudier og kontekstualisering. Samarbeidet vil fortsette i 2024.
- Foredrag med tema slektsforskning i samarbeid med Slekt og Data. Foredrag med tema private arkiv for ulike foreiningar og lag.
- Foredrag fylkesårsmøtet i Nasjonalforeningen for folkehelsen Møre og Romsdal, 25.03.2023. Ønskar metodisk å bruke same innsamlingstrategi som på sanitetsarkivprosjektet.
- Innlegg på Arkivverket sitt digitale erfarings- og inspirasjonsseminar i forbindelse med arkivutviklingsmidlane, 31.08.2023.
- Innlegg under samling for "Nasjonalt nettverk for skrivesenter og studieverksteder i høgere utdanning", 03.11.2023 HiVolda
- Foredrag om samarbeidsprosjektet "Å nøste i eit tekstilindustriarkiv", saman med SEDAK og Tingvoll museum, 06.12.2023 ved Kristiansund bibliotek
- Formidling på IKAMR sine sosiale medium-kanalar for å synleggjere verdien av privatarkiva og privatarkivarbeidet.
- Instagramkonto for promotering oppretta: @privatarkiv_ikamr
- Reportasje i Fredrikke, medlemsbladet til Norske Kvinners Sanitetsforening, om Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal.
- Reportasje i arkivtidsskriftet Aksess om plasseringa av Vikebygda Sanitetslag sitt arkiv i Norges dokumentarregister.
- Artikkel i arkivtidsskriftet Arkivråd om samarbeidet mellom IKAMR, biblioteket ved Høgskulen i Volda og Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda.

4.1.3 Konferanse, samlingar og kurs

- Memoar-konferansen 2023 i Bergen 1. og 2. februar. Munnleg historie.
- Privatarxivkonferansen i Sandefjord, 31. mai og 1. juni. Besøk ved Vestfoldarkivet 30.mai saman med andre representantar frå privatarxivnettverket i Møre og Romsdal og ABM-avdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.
- KAI-konferansen 2023 i Kongsberg, 12. - 14.september.
- Arkivforbundets regionale strategisamling, 16.oktober.
- 4 møte i det nasjonale privatarxivnettverket for fylkeskoordinerande ledd (2.mars, 26.mai, 21.september og 7.desember).

4.2 Kulturnett / Koordinering av FK tenester

I 2023 har ansatt på kulturnett arbeid 50% for FK-tenester og 50% for IKAMR som nestleiar.

Måloppnåing frå handlingsplan 2023

- Lasta opp digitisert materiale til Digitalarkivet.
- Ansvar for innsyn i Stadnamnarkivet frå Høgskulen i Volda og Stadnamnarkivet frå Kartverket er førte i Asta og katalog og vart i 2023 publisert på Arkivportalen.
- Deltatt i Rådgivende Utvalg for Kulturarvsdigitalisering og i Samarbeidsrådet hos Arkivverket.
- Følgd opp dei fylkeskommunale tenestene og prosjekt relatert til desse.

Aktivitet

- Leverte handlingsprogram til fylkeskommunen med budsjett for fylkeskommunale tenester og søknad om auke i driftsmidlar, for driftsåret 2024.
- Kontaktmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune
- WPD prosess – ressurs og tidkrevende. Sitter i Medvirkningsgruppa fra ledelsen sin side.
- Organisasjonsdesignprosess – Abilator
- Sikre arkiv for framtid (nytt bygg)
- Styremøter for IKAMR og Representantskapsmøter
- Lønnsforhandlinger og tilsettingsutvalg, intervjuer
- Laget tilgjengelighetserklæring for nettsiden til IKAMR
- EL-Sikkerhet - oppfølging av avvik i elforskriften.
- Arbeid med informasjon til Lokaliseringsanalyse. Asplan Viak
- Møte i Rådgivende utvalg for kulturarvsdigitalisering, Nasjonalbiblioteket
- Møte i samarbeidsrådet i Digitalarkivet; innsiktsarbeid, brukarbehov, mål/målgrupper, foto/film/tale
- Besøk frå styret i Arkivforbundet samt strategisamling for Arkivforbundet i Ålesund.
- Programkomite og gjennomføring av ABM-konferansen i Molde.
- Valgstyre for tilsett representant, Brannvernarbeid, Vernerunde og oppfølging
- Fagrådsmøte - Formidling i regionmusea. Hva kan FK-tjenester tilby?
- Oppstart evaluering FK-tjenester fortsetter i 2024.

Konferanse/samlingar/kurs

- Privatarxivkonferanse Sandefjord
- KAI-konferanse Kongsberg
- ABM- konferanse Molde
- KAI – Lederkonferanse Oslo

4.3 FylkesFOTOarkivet

Fylkesfotoarkivet tek vare på fotohistoria i Møre og Romsdal fylke. Som del av dette arbeidet, har Fylkesfotoarkivet opparbeidd eit stort og stadig veksande fotoarkiv med både analogt/fysisk og digitalt skapt

fotomateriale frå fylket. Arkivet har i dag sikret rundt 1400 større og mindre foto-samlinger/-arkiv fra fotografer og private.

Det fysiske materialet består i dag av over en million foto-enheter som skal sikres mot nedbrytning. Det meste av det fysiske fotomaterialet er lagret i klimaregulert fotomagasin på Sunnmøre Museum. På grunn av plassmangel i fotomagasinet, er Fylkesfotoarkivet i dag også nødt til å bruke magasiner som ikke har tilfredsstillende klima for langtidsbevaring av foto.

Det jobbes jevnlig med å avfotografere originalt fotomateriale i arkivet til digitale filer - i første omgang for å kunne tilgjengeliggjøre fotomaterialet, men etter hvert også digitalt sikre fotomateriale i høy kvalitet. Fylkesfotoarkivet skal starte samarbeid med SEDAK om avfotografering av filmbasert materiale. Her vurderer ein behov for utstyr og metodar.

Det digitale materialet som av personvern hensyn kan offentliggjøres, lastes opp i Fylkesfotoarkivets nettfotobase/Fylkesfotobasen, der bildene publiseres <https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no/>. Fylkesfotobasen er Fylkesfotoarkivet sin største og viktigste publiserings- og formidlingsarena, og dessutan katalog for registrering av informasjon på enkeltbildnivå.

Fylkesfotoarkivet samarbeider med frivillige, private og institusjonar om innsamling, registrering og formidling av bilda. Fylkesfotoarkivet gir òg råd ved spørsmål om fotobevaring i fylket.

4.3.1 Fysisk og digitalt arkiv

Fysisk tilvekst var i 2023 liten pga utfordringar med magasinplass og kapasitet til å ta imot. Det kom inn ein del mindre private fotosamlingar til arkivet som blir digitalt avfotografert og lagt ut på nettet. I tillegg kom det inn parti av eit par fotografarkiv der Fylkesfotoarkivet vil samarbeida med fotografane for å få materialet ordna og registrert.

I samarbeid med sogelag/historielag og frivillige organisasjonar, har Fylkesfotoarkivet bidrege til å digitalt avfotografere innsamla privat fotomateriale. I tillegg har Fylkesfotoarkivet motteke digitale filer av materiale dei ulike laga sjølv har digitisert. Filene for dette arbeidet går inn i Fylkesfotoarkivets digitale bildearkiv og er lagt ut i Fylkesfotobasen.

- FAK har fått disponere nokon fag i Statsråd Daaes gate 9 / M04 til å magasinere fotoarkiv. Eit utval fotoarkiv vart i juni flytta frå M01 til M04. Dette gjeld bl.a. fotoarkivet etter fotografene Jønsson; portrettarkivet, skolefoto, reproarkiv og kartotek til fotograf Karl Otto Kristiansen; møbelfotoarkivet til fotograf Dybvik og eldre FAK-korrespondanse.
- Ei større privat usortert fotosamling er levert inn frå Brattvåg bibliotek
- Widerøe flyfoto frå Ørskog kommune, er ier levert inn frå Sjøholt bibliotek
- Fotograf Karl Otto Kristiansen sitt diasarkiv med bilde frå ulike fotooppdrag, er levert til FAK for samarbeid om ordning, registrering og eventuell digitisering.
- Ørskog historielag har samla inn fire private fotosamlingar som dei har levert til FAK for digital avfotografering og publisering i Fylkesfotobasen. Historielaget registrerer så bildeinformasjon på enkeltbilde. Originalmateriale er levert attende til eierne.
- Fiksdal Vel i Vestnes kommune har levert ei større mengd digitale bildefiler av historisk fotomateriale dei sjølv har digitisert. FAK utførte bildebehandling på filene før dei vart lagt ut i nettfotobasen, der Fiksdal Vel registrerer bildeinformasjon.

- Åram Sogelag har levert digitale bildefiler for to større fotosamlingar dei sjølv har digitisert. FAK har bildebehandla filene og lasta dei opp til Fylkesfotobasen. Åram Sogelag vil sjølv registrere bildeinformasjon på enkeltbilde der.
- Foto frå fotograf Olav Lystad (Ørsta kommune) sitt portrettarkiv er avfotografert under dugnad, bildebehandla og lasta opp til Fylkesfotobasen.
- Delar av oppdragsarkivet til fotograf P. O. Dybvik vart i byrjinga av juni levert inn /deponert til FAK. Dybvik vil ved høve bidra til å ordne og registrere innhaldet i arkivet. Frå tidlegare har FAK motteke møbelfotoarkivet til Dybvik.
- Ålesund kommune har kontakta Fylkesfotoarkivet og hatt møte om publisering av kommunens digitalt skapte fotosamling frå ca. 2003 - 2017 i Fylkesfotobasen. Kommunen skal tilrettelegge filane for publisering før dei legges ut i Fylkesfotobasen.
- Prosjektet med å klargjere og publisere i Fylkesfotobasen filer frå arkivet etter fotograf Magne Mulvik (Sunndal kommune), er i gang igjen etter ei lengre pause. Ved bruk av eksterne midlar frå 2021, blei det ansatt personale til å utføre bildebehandling, utvelgelse og publisering i Fylkesfotobasen.
- Fylkesfotoarkivet har i 2023 motteke fleire mindre, private fotosamlingar som er digitalt avfotografert og lagt ut på nett, til dømes:
 - Visittkortsamling med portrett frå Haram
 - Papirkopiar av Romsdal Songarlag med meir
 - To gamle album med visittkort og kabinettkort frå ulike delar av fylket frå rundt år 1900, er avfotografert og lasta opp i Fylkesfotobasen. Albumene har tilhørt søstrene Ågot og Signe Sølsnes som var oppvokst på Vestnes. Givar av fotoalbuma er i gang med å sende oss bildeinformasjon i form av brukeropplysningar i nettfotobasen.



Visittkort i fotoalbum frå Vestnes

4.3.2 Arbeid med nettfotobasen

- Mykje av arbeidstida i 2023 har gått til å arbeide med Fylkesfotoarkivet sin nettfotobase. Opplasting av nye bilde, registrering av bilde, og dessutan dagleg kontroll og klarering av mottekne brukeropplysningar.
- Mot slutten av året kunne nettfotobasen vise til over 235 000 bilde. Det stadig aukande talet på foto i nettfotobasen krev mykje oppfølging. Samstundes er det særskild gledeleg å sjå at nettfotobasen blir mykje brukt og den skaper stort og aukande engasjement blant brukarar som ønsker å yte til informasjon på bilda. I 2023 fekk vi rundt 1100 brukarkommentarar frå ihuga hjelparar rundt om i landet. Vi opplever at fotobasen blir sett på som ein særskild viktig berar av kulturhistorisk informasjon. .
- Ein ny versjon av rettleiing for bilderegistrering i Fylkesfotobasen blei utarbeida i 2023. Denne vil kome til stor nytte når eksterne frivillige skal registrere fotomateriale i fotobasen.

4.3.3 Bestillingar og førespurnader

- Nettfotobasen er òg den viktigaste plattformen der ein kan bestille foto frå Fylkesfotoarkivet. Fylkesfotoarkivet tok i 2023 imot over 40 bestillingsordrar gjennom nettfotobase, e-post og telefon. Mange av bestillingane var til privat bruk, men vi fekk òg ein god del bestillingar på bilde til ulike artiklar og avisreportasje, bokutgiving, dokumentarfilm, årskalendre, føredrag og utstilling, til døme:

- Artikkel i Årbok for Sunnmøre, VITI
- Årskalender Skodje Lions
- Artikkel i årsskriftet for Skodje Sogelag som omhandlar Skodjebruene
- Jubileumsbok om gruveverksemda Sibelco Åheim (tidlegare A/S Olivin)
- Artikkel i Nytt i Uka om Ålesund bussterminal
- Bokprosjekt om politiets transportmidler
- Storfjordkalenderen - Storfjordens venner
- Artikkel i Årbok for Sykkylven - Sykkylven Sogenemnd
- Avisreportasje om båten SYLFIDEN, Sunnmørsposten
- Føredrag om jul, VITI
- Danseutstilling på VITI som skal henge på Sunnmøre museum i perioden 20. januar-12. mai 2024.
- Dokumentarfilm om bygginga av Skodjebruene, Aalesund Smalfilmklubb
- Fylkesfotoarkivet mottok i tillegg nærare 60 førespurnader i løpet av 2023. Dei fleste førespurnader gjeld etterspurnad om ulike bilde, korleis søke i nettfotobasen, ønske om avlevering av fotomateriale, brukaropplysningar til foto eller rådgiving til handtering av skadd fotomateriale.
- Fylkesfotoarkivet har òg mottatt fleire førespurnader frå kulturvernavdelinga i fylkeskommunen/Seksjon for kulturarv der dei ønsker eldre foto som grunnlag for tilbakeføring av bygningsdetaljar, til døme:
 - Restaureringsprosjekt - bilde til bruk som referanse i restaurering av murar på gården Knivsflå, Geiranger
 - Bilde av bygningane på garden Møll, Geiranger til bruk i forvaltning



Bilde frå Møllstunet i Geiranger brukt i forvaltning. Foto: Gerhard Berge

4.3.4 Frivillige og sogelag

- Fylkesfotoarkivet har eit vidt samarbeid med sogelag, historielag og frivillige, både med digital avfotografering av fotomateriale og registrering av bilde. Enkelte lag digitiserar óg sjølv historisk fotomateriale.
- Fleire frivillige rundt om i fylket har fått opplæring og tilgang til registrering av bilde i Fylksfotobasen og gjer årleg ein viktig jobb der.
- Fylkesfotoarkivet mottar dagleg brukaropplysningar på bilde frå frivillige rundt om i heile landet.

4.3.5 Dugnad og ekstrahjelp

- Fylkesfotoarkivet har i lang tid arrangert vekentlege dugnadskveldar for faste dugnadsmedlemmar. Dei gjer der ein sær s viktig innsats til fotobevaringa i fylket, i hovudsak gjennom ordning av arkiv, digital avskriving av fotografprotokollar, avfotografering av gamle negativar, registrering av foto i nettfotobasen og oppdatering av informasjon på foto frå brukaropplysningar i nettfotobasen. Det har i 2023 vore særleg fokus på digitisering av Fotograf Olav Lystad sitt arkiv, registrering av Widerøe flyfoto frå Haram kommune, registrering av vistittkort frå Sekken Museum og avskriving av protokollar etter fotograf Haug Straumen og fotograf Guttorm Furmyr. I tillegg er det jobba med fleire mindre private fotosamlingar.
- Tidlegare fotoarkivar Ragnar Albertsen er hyra inn for å hjelpe til med å ta ansvar for ein del dugnadskvelder framover, då dette tar mykje tid.
- Ekstrahjelp har blant anna arbeidd med fotografarkivene etter fotograf Knut Fylling frå Sula og Magne Mulvik, Sunndal, forutan fleire mindre fotosamlingar og foto frå Ørskog Historielag.

4.3.6 Konferansar, samlingar og kurs

- Kurs i fargestyring og bildekvalitet ved Colorlab/NTNU i Gjøvik 31. mai - 2. juni, instruktør Peter Nussbaum og Marius Pedersen. Fotoarkivar deltok sammen med Piotr Cabaj SEDAK/IKAMR.
- Vårsmøte i Fotobevaringsnettverket, Preus Museum Horten 6.-7. juni
- Landskonferansen i fotobevaring, Nasjonalbiblioteket Oslo, 31. oktober - 1. november
- Høstmøte i Fotonettverket, Nasjonalbiblioteket Oslo, 2. november



Sykkel som transportmiddel til og fra kurssted på NTNU. Kurs i fargestyring, Colorlab, NTNU Gjøvik.
Foto: Piotr Cabaj



Peter Nussbaum, Kurs i fargestyring, NTNU Gjøvik/Colorlab Foto: Anne Tømmervåg

4.3.7 Utstyr og økonomi

- Det er investert i filmhaldarar for avfotografering av ulike typar fotomateriale og format. I samarbeid med SEDAK blir nytt utstyr testa ut til avfotografering av filmbasert materiale.
- Det er investert i nytt lysbord for digital avfotografering av negativer. Dette utgjør stor forbedring jf. gammelt utstyr.
- Løn til ekstrahjelp utover det budsjetterte, vart dekket av prosjekt og støtte frå eksterne aktørar, bl.a. tilskot frå Hydro/Sunddal verk til å jobbe med Mulvik-arkivet.
- Inntekt frå sal av bilde er marginal, trass mange bestillingar.

4.3.8 Utfordringar

- Fylkesfotoarkivet tar hand om over ein million analoge enkeltbilde som behøver ei nærare oppfølging og gjennomgang for å få oversikt over innhald og tilstand. Dette blir det lite kapasitet til i det daglege arbeidet.
- Klimaregulert fotomagasin er fullt. Fylkesfotoarkivet har som nødløysing fått disponere nokre fag i IKAMR sine magasin i Kirkegata 10 og i Statsråd Daaes gate 9, der klima ikkje er tilpassa langtidslagring av foto.
- Vi opplever samstundes press frå både institusjonar og fotografar som ønsker å langtidsbevare kulturhistorisk viktig fotografisk materiale, der vi ikkje kan tilby klimaregulert magasinplass.
- Også i 2023 vart Fylkesfotoarkivet spurt om å overta/sikre nyare fotoarkiv med fargemateriale frå den siste analoge perioden frå ca. 1975 til 2005. Fargemateriale krev høgare grad av klimaregulerte lagringsforhold. Fotografarkiv frå denne perioden utgjør ofte store mengder fotomateriale der mykje enno ikkje kan formidlast på grunn av personvern og der bestilling av foto krev meir ressursbruk. Materiale frå denne perioden finst det enno mykje av i privat eige rundt om i fylket og Fylkesfotoarkivet må rekne med å verte kontakta om å overta/sikre fleire fotografarkiv frå denne perioden i næraste framtid.
- Fylkesfotoarkivet opplever å være eit viktig og populært kulturhistorisk tilskot til allmenta. Dette kjem fram av dei mange bestillingar og førespurnader, det store engasjementet omkring brukaropplysningar, frivillig arbeid og dugnader. Det er likevel krevjande å få tida til å strekke til med

berre ein tilsett til å ta ansvar for alle dei ulike ansvarsoppgåvene, følgje opp den store etterspurnaden og ha kapasitet til å utnytte det store frivillige engasjementet.

IKAMR er i gang med planlegging av nye lokale for verksemda. Fylkesfotoarkivet vil her kome med innspel om behovet for klimaregulerte magasin og arbeidsrom for foto.

4.4 Fylkessenter for digitisering av kulturarven (SEDAK)

Fylkeskommunal teneste (FK) for digital bevaring og formidling av kulturarven i Møre og Romsdal. Kompetansesenter for rådgjeving, dokumentasjon og mediekonvertering (digitisering) for arkiv, bibliotek og museum (ABM), samt kulturverninstitusjonane i Møre og Romsdal. Oppdrag blir også utført for kommunar, lag og organisasjonar og private aktørar. For å kunne råkje på oppdatert metodikk og teknologi har tenesta tette samarbeidspartar i nasjonale og internasjonale nettverk, UH-sektoren samt bildeteknologi industrien. SEDAK er samlokalisert saman med dei to andre FK-tenestene Privatarkivordna og FylkesFOTOarkivet og er organisatorisk knytt til IKAMR. Delfinansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune.

SEDAK har i 2023 fullført opplæring i bedrift for fotograflærling. Opplæringa var utført frå 09.11.2020 til 08.06.2023 og lærlingen gjennomførte og bestod fagprøva i fotograffaget i mai. Fagleg leiar vil framheve og takke lærlingen for den faglege innsatsen han har lagt ned i læretida. For å kunne yte dei forventa tenestene som ABM-miljøet i Møre og Romsdal har behov for vidare vil det være avgjerande med ei tilsvarande vidareføring av stillingsressursen som lærlingen har levert i perioden. Dette er også noko som tydeleg kjem fram frå brukarane i evalueringa av dei FK-tenestene utført av Kulturavdelinga, seksjon for arkiv, bibliotek og museum ved Møre og Romsdal fylkeskommune.



Fotograflærling Piotr Cabaj under sjølve fagprøva med opptak til ei av oppgåvene, her arkitektur i Ålesund sentrum i mai.

Foto: Anne Tømmervåg



Som godkjent opplæringsbedrift i Fotograffaget og det nye Innholdsprodusentfaget har vi kompetansebevisa synlege for tilsette og besøkande i fellesarealet ved IKAMR i Kirkegata 10B i Ålesund.
Foto: Ottar A.B Anderson

4.4.1 Måloppnåing frå handlingsplan 2023

Alle dei faglege prioriteringane vart gjennomført etter planlagt handlingsprogram. I tillegg vart det utført fleire mediekonvertering- og dokumentasjons oppdrag, foredrag og presentasjonar. Berekraftsmål nr 17 - Samarbeid for å nå måla, er det som SEDAK i praksis utfører og oppfyller gjennom FoU-prosjekt med publisering og formidling av resultat og arbeid og formidling innanfor nasjonale og internasjonale nettverk.



4.4.2 Utviklingsprosjekt

- Vidareføring av FoU-prosjektet «Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet» eksternt finansiert gjennom tildeling av Arkivverkets utviklingsmidlar for år 2 (2023). Prosjektet er eit formalisert samarbeid med Institusjonsfotografenes forening (IFF) og forskarmiljøet ved NTNU i Gjøvik og dataingeniør-bachelorstudentar ved Fakultet for informasjonsteknologi og elektroteknikk, Institutt for datateknologi og informatikk (IDI). Ferdigstilling av prosjektet er planlagt i 2024.



Fagleg leiar Ottar A.B Anderson presenterer “kvalitetssikringsprosjektet” ved den nasjonale KAI-konferansen i september i Kongsberg.

Foto: IKA Kongsberg

- VITI - Sunnmøre museum søkte saman med SEDAK, Ålesund bibliotek og Nynorsk kultursentrum på Møre og Romsdal Fylkeskommune si fyrste ABM-utlysing og fekk delfinansiert utvikling av ei vandreutstilling med eit tilhøyrande språk og kulturprogram i prosjektet “Møt kultur og språk på biblioteka”. Det er 360 graders fotodokumentasjonsteknikk som vil bli brukt som ei vidareføring av pilotprosjektet gjennomført for VITI - Sunnmøre museum tilbake i 2022. Nye opptak, då også frå samlinga til Nynorsk kultursentrum vil fyrst bli gjennomført i 2024, men prosjekt oppstart var i 2023. Prosjektet er leia av VITI - Sunnmøre museum ved fellestenesta formidling. Prosjektet er eit konkret tiltak for å oppnå tettare samarbeid mellom ABM-miljøet i fylket og vi ser klare resultat i slike deltakingar. Institusjonane blir betre kjent på tvers av faglege område, men også mellommenneskeleg. Dette siste er ein særskilt viktig faktor som vi gjerne vil trekke fram i dette prosjektet. Ferdigstilling av prosjektet er planlagt i 2024.

- SEDAK og prøvenemnda i fotograffaget i Møre og Romsdal gjennomførte eit kompetanseutviklingsprosjekt innafor yrkesfag. Prosjektet hadde bakgrunn i at fotograffaget inngår i det nye faget Innholdsprodusent. Prosjektet er eksternt finansiert gjennom tildeling frå Kompetanse og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune frå det nasjonale prosjektet “Desentralisert kompetanseutvikling innan yrkesfag (DeKom YF), og Yrkesfaglærer”. Prosjektet har som mål å knytte lærebedriftene, utdanningsinstitusjonane og opplæringskontoret for dei nye IT- og mediefaga tettare saman. Prosjektet ferdigstillast i byrjinga av 2024, men har som mål å bli vidareført i eit nytt prosjekt.

- Som eit konkret tiltak for meir samhandling mellom dei FK-tenestene så søkte SEDAK og FylkesFOTOarkivet om eit felles 2-årig FoU-prosjekt “Metodeutvikling for mediekonvertering av bilder”. Prosjektet fekk tildeling frå Arkivverkets utviklingsmidlar pålydande kr 400 000,- for det fyrste året. Dette tross for rekordstor søknad på midlane frå heile det nasjonale fagmiljøet. Prosjektet er eit formalisert samarbeid med forskarmiljøet ved NTNU i Gjøvik, ved Institutt for datateknologi og informatikk. Samhandling mellom dei to ulike fylkeskommunale tenestene om felles utnytting av ressursar vil potensielt gi auka måloppnåing i prosjektet. Prosjektet er også eit konkret samarbeid med bildeteknologiindustrien der det amerikanske selskapet Digital Transition (DT) stillar nødvendig utstyr tilgjengeleg i ei avgrensa periode. Ønska resultat er kunnskapsdeling

med det nasjonale og internasjonale fagfeltet. Oppstart av prosjektet blir i 2024 og ferdigstilling av prosjektet er planlagt i 2026.





Foto frå prøveopptak med Phase One XF med IQ4 – 150mpx og SK 120mm BR macro med mellom ring 3 gir eit oppløysning på 9702 PPI


4.4.3 Rådgjeving, mediekonverteringar (digitisering) og fotodokumentasjon utført for ABM-miljøet

Totalt mediekonverte (digitiserte) arkivdokumentsider for året 2023 = **25 585 med bruk av kamera**. Som er ei auke på 18% (**4618**) frå 2022.

- Nynorsk kultursentrum, stillbilde fotodokumentasjon av store objekt i samlinga. Rådgjeving til praktisk og teknisk oppsett av utstyr til Nynorsk kultursentrum si eiga mediekonvertering (digitisering)
- Nordmørmusea ved Tingvoll museum, mediekonvertering av privatarkiv Tingvoll Ullvarefabrikk, ekstern finansiering gjennom tildeling av arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket
- Sanitetsarkiv, mediekonvertering av privatarkiv, eksternt finansiert gjennom tildeling av arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket
- VITI – Jugendstilsenteret, mediekonvertering og print-reproduksjon av Jugendstilplakatar
- VITI - Sunnmøre museum, mediekonvertering av privatarkiv Haahjem motor
- Romsdalsmuseet, mediekonvertering av dagbøker frå privatarkivet Jonas Lied, eksternt finansiert gjennom tildeling av arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket (Romsdalsmuseet leiar prosjektet)
- Haram kulturhistoriske lag, mediekonvertering av kart
- Fonna forlag v/Arild Torvund Olsen, mediekonvertering av LP-plater (for bokprosjekt om musikk av artistar som nyttar nynorsk)
- Mediekonvertering av store format i byggesak, landbruk og andre tekniske arkiv for eigarkommunane til IKAMR
- SEDAK har bidratt med tilrettelegging, opplæring av tilsette og operativt vedlikehald og vidareutvikling av metode og utstyr for mediekonverteringa som IKAMR utfører på vegne av sine eigarkommune.



Fotograf Piotr Cabaj i studioet i Ålesund under fotodokumentasjon av store format av tekstil for Nynorsk kultursentrum.
Foto: Piotr Cabaj



Fotograf Piotr Cabaj sende live frå mediekonverteringa av LP-plate prosjektet på YouTube kanalen til IKAMR.
https://www.youtube.com/watch?v=z1f_MCX-8hA

4.4.4 Gjennomførte kurs/workshop

- “Fargestyring og bildekvalitet”, ved NTNU i Gjøvik (3 dager) instruktør Peter Stefan Nussbaum og Marius Pedersen. Deltakere Piotr Cabaj og Anne Tømmervåg.
- “Multispektral fotografering MSI”, ved Munchmuseet i Oslo, (1 dag) instruktør Eric Joakim og Annette T. Keller, Phase One - Deltakere Cabaj og Anderson
- “DT Digitization 301: Characterization and Evaluation”, (2 dager) digitalt med eksamen – Deltakere Cabaj og Anderson
- “KulturNAV introduksjon”, KulturIT (2 timer) instruktør Ulf Bodin, digitalt kurs - Deltaker Anderson
- “Seminar med veiledning i vitenskapelig skriving og publisering” ved Faldstadsenteret, Levanger (2 dager) arrangert av Norges Museumsforbund og leia Nancy Eik-Nes (NTNU) - Deltaker Anderson
- “SETUP AND CALIBRATION OF DIGITAL CAMERAS”, kurs ved ARCHIVING konferansen, Oslo (2 timer) instruktør Volker Jansen, Zeuschel – Deltaker Anderson
- “INTRODUCTION TO COLOR MEASUREMENT FOR ARCHIVING” kurs ved ARCHIVING konferansen, Oslo (2 timer) instruktør David R. Wyble ved Avian Rochester, LLC – Deltaker Anderson




Foto: Piotr Cabaj

4.4.5 Studiereiser og faglege besøk

- Det kongelige bibliotek, København, Danmark. Gjennomføring av reise og deltaking var dekt med ekstern finansiering gjennom tildeling av Arkivforbundet sitt reisestipend og i høve “kvalitetssikringsprosjektet”. Rapport finnes her: https://www.arkivforbundet.no/wp-content/uploads/2023/04/Rapport_IKAMR_Reisestipend_Arkivforbundet_2022.pdf
- IKA Hordland, fagleg arbeid i høve “kvalitetssikringsprosjektet” og innlegg på webinar.
- Byarkivet i Bergen. Fagleg arbeid i høve “kvalitetssikringsprosjektet”

4.4.6 Faglege innlegg på konferansar

- Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeskulturkonferansen, Molde. “360 graders fotodokumentasjon av museumssamlinger”
- Den internasjonale IS&T ARCHIVING konferansen arrangert ved Universitetet i Oslo (UiO) - “The Norwegian approach – automated quality control of digitization on national level in the Digital Archives. A practical approach”. Artikkel om konferansen i AKSESS: https://www.aksess-tidsskrift.no/erfaringsdeling/konferanse/174212?fbclid=IwAR00FCET_nVmp0glFwyRKdRc4jXKBvVgaiH2ArHRGZSqWa9htK9Ch4tgEWo
- Arkivverkets erfarings- og inspirasjonsseminar utviklingsmidlene 2023. “Erfaringar etter ulike arkivutviklingsprosjekt ved IKAMR”. Deltaking saman med Åsta Vadset, privatarkivordninga. (Digital)
- https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/erfarings-og-inspirasjonsseminar-arkivutviklingsmidlene-2023/_attachment/inline/1d55e068-1b02-4e81-bb58-


[d0d6658c94d0:0ee394175edd44e0ff07460dc5e438032471e047/IKAMR%20-%20Arkivverket%20erfaringsseminar.pdf](https://www.arkivverket.no/erfaringsseminar.pdf)

- Den nasjonale KAI-konferansen, Kongsberg. "Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet – autentisk framstilling av arkivkilder?"
https://www.kaikonferansen.com/files/ugd/55f8bd_5b102d4c039d4473a7e539bc175e0b0c.pdf
- IKA Hordland, Bergen. Webinar Arkivdigitalisering. "Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet – autentisk framstilling av arkivkilder?" (Digital)
<https://ikah.no/webinar-arkivdigitalisering-det-vi-lurer-paa.6621299-532482.html>
- Den nasjonale Landskonferansen Foto, Nasjonalbiblioteket i Oslo. "Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet – autentisk framstilling av arkivkilder ved hjelp av teknisk metadata?"
<https://www.nb.no/hva-skjer/fotobevaring-og-etikk-landskonferanse-foto-2023/>
- ABM-konferansen i Møre og Romsdal, presentasjon av prosjektet "Møt kultur og språk på biblioteket" i samarbeid med VITI - Sunnmøre museum, Nynorsk kultursentrum og Ålesund bibliotek
- Vestland fylkeskommune, Vestland fotonettverk. "Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet – autentisk framstilling av arkivkilder ved hjelp av teknisk metadata?" (Digitalt)
- Kristiansund bibliotek, Kristiansund - "Kulturlunsj - foredrag om prosjektet om Tingvoll ullvarefabrikk. Foredrag gjennomført av Piotr Cabaj og Emil Stokkevåg

ABM-konferansen i Møre og Romsdal vart arrangert på den internasjonale dagen for digital bevaring.

4.4.7 Fagfelleverderte internasjonale publikasjoner

"The Norwegian Approach - Automated Quality Control on National Level in the Digital Archives. A Practical Approach" (Ottar A.B Anderson) <https://library.imaging.org/archiving/articles/20/1/16>



Ottar A.B Anderson presenterer "kvalitetssikringsprosjektet" gjennom den engelske fagfelleverderte artikkelen "The Norwegian approach – automated quality control of digitization on national level in the Digital Archives. A practical approach" i Aulaen ved Universitetet i Oslo (UiO) under den internasjonale ARCHIVING konferansen i juni.

Foto: Marius Pedersen / NTNU i Gjøvik

5. PERSONVERNOVBOD

5.1 Oppdragsgivarar

IKA Møre og Romsdal (IKAMR) har i 2023 levert personvernombodsteneste til 25 verksemdar: Møre og Romsdal fylkeskommune (heretter kommune) og kommunane Aukra, Aure, Averøy, Fjord, Giske, Gjemnes, Hareid, Hustadvika, Kristiansund, Molde, Rauma, Rindal, Smøla, Stranda, Sunndal, Surnadal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Vestnes, Volda og Ålesund.

Herøy kommune vart med i personvernombodstenesta frå og med april 2023.

5.2 Personvernombod/personvernrådsgivarar

I 2023 har det vore tre personvernombod tilsett i 100 % stilling: Henrik Leknes Syversen, Karen Vanessa Sundgot Gurskevik og Margrete Mork Müller.

Periodevis gjennom året har tenesta vore utfordra med kortare og lengre fråvær. Grunna ei oppseiing med verknad frå 1. juli 2023, vart tenesta drifta med to personvernombod frå 1. november 2023. I same periode var det ulyst ei stilling som rådgjevar personvern. Rekrutteringa til denne stillinga vart ikkje avklara dette året.

5.3 Generelt

2023 var eit år der tenesta ikkje berre har kunne hatt fokus på produksjon. Dette grunna tenesteintern prosess med omorganisering (sjå punktet om strukturelle og organisatoriske endringar) og ulike prosessar i verksemda, mellom anna arbeidsmiljøhandsaming, organisasjonsdesignprosess, arbeid med nytt bygg, evaluering av fylkeskommunale tenester mm.

Sjølv om tenesta personvernombod er i ei særstilling i IKAMR med omsyn til personvernombodet si uavhengigheit, er tenesta fortsett ein del av ei verksemd der arbeidsgivaransvaret ligg. Personvernombodstenesta var i likskap med dei andre tenestene på IKAMR påverka av dei prosessar som i 2023 var pågåande i verksemda.

5.4 Strukturelle og organisatoriske endringar

I styremøte av 15.juni 2023 (Intern sak 22/23) vart det vedteke å gjennomføre ei omorganisering av personvernombodstenesta ved IKAMR der verksemda IKAMR formelt skulle bli deltakarane sitt personvernombod. Dette mellom anna med bakgrunn i at organiseringa av tenesta slik den var i prosjekt- og fast driftsfase hindrar effektiv arbeidsflyt.

Den nye organiseringa har sitt grunnlag i personvernforordninga artikkel 37 tredje og sjette ledd, og det ble gjennomført vurderingar for å sikre at krava i bestemmingane til kompetanse, effektiv tilgjengelegheit og ressursar skulle i bli etterlevde.

Styrevedtaket hadde sitt grunnlag i eit forslag dei tilsette personvernomboda i tenesta sjølv sendte til høyring ute i kommunane og som vart lagt fram som ei mogleg organisering i fellesmøte med eigarane 25. januar. Styret, dagleg leiing og tilsette i tenesta var soleis samde i at ny organisering vil kunne gi ei betre, meir effektiv og forsvarleg teneste.

Forslag om omorganisering med ønske om tilbakemeldingar på dette, vart førelagt kommunane ved fleire anledningar. 18 av 23 kommunar svara ut dette anten skriftleg, i samling i regi av personvernomboda 25. januar, eller i kommunikasjon med sitt personvernombod. Kommunane flest var positive til omorganiseringa. Spørsmålet om omorganisering vart av styret, dagleg leiing og tilsette vurdert som tilstrekkeleg kartlagt nr vedtak vart fatta 15. juni 2023.

Som følgje av vedtaket vart arbeid med å få gjennomført formelle og praktiske endringar starta opp. Dette arbeidet innebar mellom anna å undersøke kva ytterlegare krav til tenesteavtalen som måtte forankrast, og det måtte etablerast og tilpassast andre tenestedokument den nye strukturen. I tillegg vart det jobba med spørsmålet om korleis tenesta skal få til ein velfungerande intern praksis.

Som følgje av omorganiseringa, og behovet for å regulere korleis samarbeidet praktisk og faktisk skal fungere, valte tenesta å regulere samarbeidsforholdet i tre ulike avtalar/tenestedokument;

- Tenesteavtalen
- Mandat
- Ein standardisert samarbeidsavtale mellom kontaktperson/personvernkoordinator i kommunen og personvernombodstenesta

Ved utgangen av 2023 vart tenesta formelt endra til modellen der personvernombodet er IKAMR, medan dei tilsette i personvernombodstenesta (heretter personvernrådgivarar) yte tenestene for kommunane.

Førespurnadar vart etter ny organisering administrert; tildelt, samordna og følgt opp med utgangspunkt i prinsippet om ei felles portefølje.

Arbeidet med å etablere ny struktur vart vidareført inn i 2024.

5.5 Om personvern som leiaransvar

Personvernregelverket stiller krav til at den som er ansvarleg for behandling av personopplysningar set i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak, for å sikre og påvise at personopplysningar blir behandla i samsvar med regelverket.

Internkontroll er eit leiaransvar, og internkontrollen er leiinga sitt verktøy for å ta i vare ansvaret etter personvernregelverket og demonstrere god nok etterleving. Samstundes er internkontrollen og dei tilsette sitt verktøy for å utføre oppgåver på ein forsvarleg og sikker måte.

Leiinga skal årleg gjennomgå sikkerheitsmål, sikkerheitsstrategi og organisering av informasjonssystema. Leiinga skal kontrollere at desse er i samsvar med verksemda sine behov, og eventuelt oppdatere mål, strategi og organisering. For å kunne gjennomføre dette, må det ligge føre klare ansvarsforhold og dei som har dedikerte roller må verte kopla på til rett tid og på rett måte.

I 2023, og slik som rapportert tidlegare år, var det fortsett opplevd organisatorisk avstand mellom personvernrådgivarane i tenesta og leiinga i ein del kommunar. Til dømes deltok personvernrådgivarane i leiinga sin gjennomgang i berre 5 kommunar i 2023.

Med bakgrunn i erfarte organisatoriske avstandar mellom tenesta og leiinga i ein del kommunar, samt behovet for forventningsavklaringar mellom partane, inviterte IKAMR alle kontaktpersonar og éin representant frå den øvste leiinga til ei fysisk samling på Thon Hotel Ålesund 25. januar 2023.

Fagdirektør i Datatilsynet, Ove Skåra deltok med eit innlegg som skulle bidra til å definere personvernombodet som ressurs og dei forventningar som ligg til denne rolla. I tillegg ønska tenesta å møte kontaktpersonar og éin representant frå den øvste leiinga til dialog, mellom anna om ny organisering av tenesta.

Følgande kommunar hadde representantar som møtte:

Aure, Molde, Ulstein, Volda, Giske, Aukra, Rauma, Sykkylven, Hustadvika, Sunndal, Ålesund og Møre og Romsdal fylkeskommune. Volda kommune var einaste kommune som møtte med Kommunedirektør.

Tenesta opplevde at samlinga var oppklarande for partane, og det har i etterkant av samlinga oppstått færre situasjonar der rolle, oppgåver og ansvar vert utfordra.



Bilde frå fysisk samling på Thon Hotel Ålesund 25. januar 2023. Frå venstre i bildet: Ove Skåra - Datatilsynet, Helge Veum - Ålesund kommune, Margrete Mork Müller, Henrik Leknes Syversen og Karen Vanessa Sundgot Gurskevik - IKAMR. Foto: Åse Karin Gjære - Ålesund kommune

Kommunikasjon og samhandling med kontaktpersonen/personvernkoordinator og andre nøkkelpersonar i kommunane

Klare ansvars- og myndeforhold blir etablerte med utgangspunkt i avgjersler tatt av leiinga. Rolle- og ansvarsfordeling skal vere dokumenterte, her til må det vere klart kven som har roller og ansvar knytt til personvern og sikkerheit internt i verksemda og eksternt ved tenesteutsetting.

Kontaktpersonen/personvernkoordinator i kommunane er ansvarleg for å koordinere mykje av kommunen sitt arbeid innan personvern og skal være eit bindeledd mellom personvernombodstenesta og kommunen.

Kontaktpersonen/personvernkoordinator bør i tillegg være ein intern fagressurs innan personvern og ein aktiv bidragsytar for leiinga og for tilsette ute i einingane.

I ein del kommunar er rolla som kontaktperson/personvernkoordinator tydeleg forankra med rolle og ansvarsinstruksar, mens det i ein del andre kommunar er utpeika kontaktpersonar men der det er uklareheit omkring rolle og ansvar. Dette reflekterer seg og i samhandlinga med tenesta, der personar som har fått ein tydeleg instruks frå sine leiarar, har hyppigare samhandling med tenesta enn dei som ikkje har fått dette.

Personvernombodet har etter personvernforordninga art. 38 nr.1 bokstav b. mynde til å kontrollere at fordelinga av personvernansvaret internt i kommunen er hensiktsmessig- og lovmessig fordelt. Dersom kontaktpersonen/personvernkoordinator ikkje gis naudsynte ressursar for å take i vare si rolle, vil personvernombodet mellom anna kunne rapportere på dette til kommunen si øvste leiing. Tenesta har erfart at slik rapportering har vore til nytte i nokre kommunar der det er etablert fleire ressursar som skal støtte opp om arbeidet i kommunane. I andre kommunar er det ikkje meldt tilbake til tenesta korleis kommunen vil forholde seg til slik rapportering.

5.6 Om handlingsplan 2023

Ansvar for at arbeidet med personvern i kommunane skir framover eit ansvar for leiingane i kommunane, og ideelt sett koplar kommunane på personvernombodet der det er behov.

I praksis opplever tilsette i personvernombodstenesta at mange kommunar framleis har forventningar om at personvernrådgivar skal ha ein leiande eller styrande funksjon i arbeidet. Ein leiande eller styrande funksjon ligg ikkje til rolla som personvernombod eller personvernrådgivarar i ombodet. For å møte opplevde forventningar, utarbeidde tenesta difor ein handlingsplan som i 2023 var eit tilbod som kommunane fekk. Personvernombodet ønska i tillegg å støtte kommunane etter kommunane sitt behov og initiativ og etter personvernomboda sine avdekte behov.

Handlingsplan 2023:

1. Haldningsskapande arbeid og opplæring

- Gi tilbod om opplæring i personvernkonsekvensvurderingar (DPIA). Opplæring og råd vil basere seg på prosedyrar og malverk brukt i Oslo kommune.
- Presentasjon og gjennomgang av Maryke Silalahi Nuth, Fagsjef for personvern i byrådsavdelinga for finans, seksjon for informasjonssikkerheit og IKT i Oslo kommune.
- Eventuell etterfølgande innføring og råd vert gitt av personvernomboda ved IKAMR.
- Nærmare informasjon om opplæringa kjem etter kvart. Målet er å gi tilbod om opplæringa mot slutten av april.
- Opplæring i samarbeid med Digi Møre og Romsdal
 - o GDPR-kurs til onboarding av nytilsette
 - o Kurs om behandlingsgrunnlag etter GDPR
 - o Praktisk personvern for tilsette i oppvekstsektoren

2. Kontrollar i oppvekstsektoren

- Innkjøp og anskaffingar: Kontroll av styringssystem/rutinar for å take i vare krav om innebygd personvern i utvikling og anskaffing av system og løysingar
- Rutinar for lagring av dokumentasjon: Kontroll av lagringsrutinar hjå dei praktiserande tilsette i skulane

Om punkt 1 i handlingsplan – Gjennomføring av haldningsskapande arbeid og opplæring

Utkast til handlingsplan for året vart sendt ut til kommunane rett over nyåret. I e-post av 28. januar vart kommunane orientert om behovet for nokre korrigeringar av handlingsplanen for 2023, men der det i hovudsak vart heldt fast ved tilsendt utkast.

Grunna ressursmangel som oppstod i etterkant av disse varsla, vart det naudsynt for tenesta å prioritere oppgåver med høg risiko og andre rådgivande oppgåver. Det vart difor ikkje mogleg å gjennomføre opplæring i samarbeid med Digi Møre og Romsdal som varsla.

Arrangere opplæring i vurderingar av behovet for personvernkonsekvensvurderingar (DPIA) og personvernkonsekvensvurderingar v/Maryke Silalahi Nuth, Fagsjef for personvern i byrådsavdelinga for finans, seksjon for informasjonssikkerheit og IKT i Oslo kommune, vart gjennomført 18. april 2023. (Sjå meir om dette under ekstern kompetanseheving).

Om punkt 2 i handlingsplan – Gjennomføring av kontrollar

Personvernombodet sin kontrollerande funksjon inneberer at ombodet først og fremst der risikoen er høgast bør undersøke om kommunen har satt i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak. Personvernombodet sin kontrollaktivitet er difor eit arbeid som personvernombodet kan varsle og som kommunane må leggje til rette for at personvernombodet kan gjennomføre. Ein kontroll av personvernombodet er difor ikkje eit frivillig tiltak. Personvernombodet la likevel i 2023 til rette for at gjennomføring av varsla kontrollar kunne passe for dei som er satt til å følge opp disse i dei enkelte kommunane.

Det vart i 2023 varsla 2 ulike kontrollar (så punkt 2 i handlingsplan over).

Kontroll av styringssystem/rutinar for å take i vare krav om innebygd personvern i utvikling og anskaffing av system og løysingar vart gjennomført i Ca halvparten av dei deltakande kommunane.

Grunna redusert kapasitet frå mars månad og ut året, vart tenesta nøydd til å prioritere oppgåver med høg risiko og andre rådgivande oppgåver. Kontroll av lagringsrutinar hjå dei praktiserande tilsette i skulane vart difor ikkje gjennomført.

5.7 Kompetanseheving

Haldningsskapande tiltak og opplæring av tilsette ute i kommunane inngår i eit personvernombod sitt ansvar; først og fremst som støtte for kommunane, men etter behov må personvernombodet og på eige initiativ og der det trengs setje i verk opplærande tiltak for kommunen sine tilsette.

For å kunne bidra til å sikre at kommunane kan etterleve krava til personopplysningsikkerheita etter personvernregelverket, er det og viktig at eit personvernombod eller dei som utøve personvernombudsfunksjonar sjølv deltek i kompetansehevande tiltak. Etter personvernforordninga art. 38 nr. 2, jf. art. 37 nr. 5 vert det difor forutsett at det vert stilt dei ressursar som er naudsynte for at ombodet, eller ombodet sine tilsette når ombodet er ei verksemd, kan utføre sine oppgåver. Til dels betyr dette å stille til rådighet økonomiske ressursar og tid, til dels inneber det at personvernrådgjevarane må få tilgang til relevant informasjon.

Personvernforordninga art. 38 nr. 2, jf. art. 37 nr. 5, sett i samanheng presisera og at det skal gjerast mogleg for ombodet/tilsette å oppretthalde si dybdekunnskap som er naudsynt for å utøve stillinga. Dette vil mellom anna omfatte kunnskap om korleis personvernreglane vert tolka og utvikla (Eva Jarbekk, Lovdata 02.09.2021 kommentarar til personvernforordninga art. 37 og 38).

Tenesta må vurdere behovet for å tilby kommunane opplæring, og dei tilsette personvernrådgjevarane si deltaking i opplærande verksemd i lys av utviklinga på fagområdet og identifiserte behov for tenesteutøvinga.

Ekstern kompetanseheving:

Kommunen som behandlingsansvarleg har etter personvernforordninga art. 35 ei plikt til å gjennomføre ein PVK/DPIA for behandlingar med høg risiko, dette for å vurdere behovet for behandlinga og for å ruste seg på å handtere risikoane ved å identifisere, vurdere og setje i verk risikoreduserande tiltak.

Grunna låg gjennomføringsgrad av vurderingar av behovet for å gjennomføre personvernkonsekvensvurderingar og personvernkonsekvensvurderingar ønska tenesta å arrangere kompetansehevande opplæring til sentrale personar i kommunane.

Oslo kommune har utarbeida malar for gjennomføring av personvernkvadreringar og personvernkonsekvensvurderingar. Malane er eit verktøy for å lette og effektivisere etterlevinga av personvernregelverket sine krav, auke gjennomføringsgrada og gi høgare kvalitet i personvernkvadreringane som kommunen gjer.

Tenesta ønska difor at nøkkelpersonar i Oslo kommune presenterte verktøyet for kommunane tilknytt tenesta.

Presentasjon av Oslo kommune sitt DPIA verktøy vart presentert for kommunane 18. april 2023, v/Maryke Silalahi Nuth, fagsjef for personvern i Oslo kommune.

Agenda:

Del 1:

Kva ligg til grunn for Oslo kommune sin prosess og malverk for DPIA
Risikoar; på kva områder går det ofte feil

Del 2:

Mal for innleiande personvernvrdering (IP)

Mal for personvernkonsekvensvrdering ved lav/middels risiko (PLM)

Mal for personvernkonsekvensvrdering ved høgrisiko (DPIA)

Intern kompetanseheving:

Personvernrådsgjevarar er med i Foreningen Personvernombudene, som er ei foreining som er open for alle som er registrert som personvernombod hjå Datatilsynet eller som har personvernrådsgjeving som ei av sine primære arbeidsoppgåver.

Foreininga har faste medlemsmøte ein gang i månaden. På medlemsmøta får personvernombod og personvernrådsgjevarar frå offentleg og privat sektor innsikt i personvernrettslege problemstillingar og løysingsforslag.

Personvernrådsgjevar for Møre og Romsdal fylkeskommune, Henrik Leknes Syversen, deltok aktivt i nettverket for fylkeskommunale personvernombod. Nettverket har i løpet av året hatt digitale møter annankvar tysdag. Gjennom nettverket kan personvernrådsgjevarane ta opp problemstillingar som gjeld fylkeskommunen eller meir generelle saker som og er relevante for kommunale personvernombod/rådsgjevarar. I 2023 har nettverket jobba med fleire større avvik som har ramme mange eller dei fleste fylkeskommunane, eksempel på dette er VIGO. Nettverket har difor hatt fokus på medvit om leverandøransvar og krav. Eit anna fokusområde har vore arbeid med "fellesavtalar" som fylka skal inngå.

Kurs og konferansar tenesta har vore deltakande i:

- Masterclass i personvern – 13. april 2023
- Personvernombudskurs del II – 24. mai 2023
- Kurs i offentleglova – 30. november 2023
- Personvernkonferansen – 1. desember 2023

6. KONFERANSAR OG ANNA

6.1 Kontaktkonferansen 2022

Kontaktkonferansen i Kristiansund vart gjennomført 9. og 10. november 2022 på Scandic Hotell Kristiansund og Caroline kino- og konferansesenter. Dette var fyrste gong sidan 2019 at IKAMR kunne invitere arkivtilsette i Møre og Romsdal til den elles årlege konferansen.

Konferansen var vellukka med omtrent 70 deltakarar frå IKAMR, eigarkommunane og andre interkommunale verksemdar begge dagane. Vi hadde variert fagleg program fordelt på dei to dagane, inkludert foredrag, paneldebatt, gruppediskusjonar, IKAMR-standar, felles middag, Mario Kart-turnering, nettverksbygging og sosialt samvær.

Utdeling av prisen Årets arkivar har vore ein fast del av kontaktkonferansen sidan 2017. I 2022 vart prisen delt ut for fjerde gong. Silje Ekroll Riborg, arkivleiar i Ulstein kommune, vart kåra Årets arkivar 2022.

6.2 Deltaking på kurs/konferansar

- Deltaking på den årlege kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) i Oslo i september.
- Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.
- Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv.
- Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.
- Tillitsvalde har delteke på kurs i regi av Forskerforbundet.

6.3 Samarbeid

IKA Møre og Romsdal er representert i samarbeidsrådet til Digitalarkivet og Jan Aakvik er med i Nasjonalbiblioteket sitt rådgjevande utval for kulturarvdigitalisering.

Vi deltek aktivt i KAI ledernettverket og dagleg leiar var del av referansegruppe for strategiprosess for KDRS.

Dagleg leiar sit i styret for Lean Forum Nordvest og LOS Norge (Foreining for lærende organisasjonar). Er fagleg leiar for LOS Norge-konferansen.

6.4 Arkheion / AKSESS

Arkheion har gått inn i eit toårig samarbeid med Arkivforbundet og oppretta tidsskriftet AKSESS. Arkheion innkalla i desember 2021 til eit ekstraordinært eigarmøte, som stilte seg positive til at Arkheion skulle delta i ABM-media sitt prøveprosjekt om å etablere eit nytt arkivblad om og for heile sektoren. Prosjektet vil gå føre seg i perioden 2022-2024. Arkheion blir sett på pause i prosjektperioden, og kan dermed takast opp att etter prosjektet.

AKSESS er eit sjølvstendig tidsskrift for arkiv og dokumentasjonsforvaltning i Noreg. Tidsskriftet er ein kanal for heile sektoren og har som mål å sette lys på, binde saman og utvikle fagfeltet, samt å gjere synleg arkiv i den norske allmenta gjennom eit breitt spekter av tema. AKSESS skal drive kritisk journalistikk og gi rom for refleksjon, debatt og erfaringsdeling.

6.5 Nettside og sosiale medium

IKA Møre og Romsdal publiserer informasjon via nettsida www.ikamr.no og Facebook www.facebook.com/ikamr.no. Vi ser vi når breiare ut til publikum ved å nytte Facebook.

Fortid
& notid
for framtid

Arkiv og kulturformidling